

Avtale om bruk av spelarar mellom fotball og handball i Syril

Bakgrunn

Syriil er lojale til NIF's intensjon om at spelarar bør drive allsidig idrett langt opp i ungdomsåra. Statistikk viser at altfor mange unge sluttar med sin idrett i tenåra.

Då både fotball og handball no er meir eller mindre heilårsidrettar, er det viktig å ha nokre køyrereglar for trenarar, lagleiarar og foreldre i begge idrettar slik at spelarane kan føle seg trygge på si deltaking i begge idrettar heile året.

Begge gruppene er einige om at det er spelaren sjølv som skal bestemme kva for idrett som skal prioriterast. Det skal ikkje leggest direkte eller indirekte press på spelarane frå trenar eller lagleiar om å delta på den eine idretten framfor den andre.

Denne avtalen skal legge grunnlaget for ei gjensidig forståing og ein felles handlemåte i begge gruppene. Den vil bli gjort kjend for alle trenarar, lagleiarar og foreldre i både fotballen og handballen.

Ein er avhengig av god dialog mellom trenarar og leiarar i fotballen og handballen, der ein har fokus på kva som er det beste for spelaren. Dersom det oppstår ueinighet skal sportsleg leiar i begge gruppene koplast inn.

Føremål

Avtalen skal regulere treningsomfang, serie- og cupspel i begge idretter slik at:

Unødvendige kollisjonar ikkje oppstår

Begge idrettar kan beholde flest mogleg lengst mogleg

Spelarane ikkje føler seg pressa til å velge vekk ein av aktivitetane.

Gyldigheit

Avtalen har gyldigheit i alle årgangar i barne- og ungdomsgruppene i Syriil

Definisjonar

Fotballen har primærsesong 1. april – 31. oktober.

Håndballen har primærsesong 15. september – 15. april.

Ved overlapp på haust kan ein til dømes skilje mellom før og etter haustferien (meir fotball før ferien og meir handball etter). Det viktigast her er at trenarane legg til rette

for kvarandre og for spelarane slik at ein idrett får avslutta sin sesong og den andre kjem godt i gang.

Den idretten som er inne i sin primære sesong har «fortrinnsrett» på spelaren. Den idretten som ikkje er i primærsesong må vere forsiktig med påmelding til cup og treningskamp og kan då ikkje rekne med spelaren som driv med begge idrettane. Ved påmelding til cup mens den andre idretten har primærsesong, skal dette kommuniserast med idretten i primærsesong for å sjå kva for spelarar som er tilgjengelege.

Serie-, kvalifiserings- og sluttspelkampar skal alltid prioriterast framfor trenings- og cupkampar i begge idrettane.

Treningar

Når det vert sett opp treningstider, skal sportsleg leiar i begge gruppene etter beste evne prøve å unngå kollisjonar under heile året mtp treningsdagar og tider for kvart kull.

Begge idrettane er pliktig til å oppretthalde eit trenings- og kamptilbud, og til dei spelarane som vel å ha ein av idrettane som sekundæridrett. I praksis betyr dette at det skal vere mogleg å trene ein av idrettane kun 1 gang i veka utan å skulle ha dårlig samvittighet for det.

Møter og kommunikasjon

Sportslege leiar for handballgruppa og fotballgruppa har møte etter behov.

Ansvarlege trenarar/leiarar på respektive alderstrinn pliktar til å ha jamleg dialog for å kunne løyse eventuelle problem helst før dei oppstår.

Konfliktsituasjonar

Dersom det oppstår konflikter, skal ein i utgangspunktet først prøve å løyse desse på alderstrinnet. Dersom dette ikkje fører fram skal sportsleg leiar i begge grupper koplast inn.

30.10.2019

Dato

For Syril handball

For Syril fotball